



Kulturskule for alle!



Kulturskule for alle!

Kontakt oss

Øygarden kulturskule

Telefon: +47 55 09 68 00 | 906 56 836

Adresse: Arefjordvegen 290, 5354 Straume

Postadresse: Ternholmvegen 2, 5337 Rong

E-post: kulturskulen@oygarden.kommune.no
oygarden.kommune.no/kulturskule



Dans i kulturskulen!



Copyright Øygarden kulturskule

Tekst: Kjartan Fjordheim

Grafisk utforming: Øygarden kulturskule

Foto: Øygarden kulturskule, Jøran Ingvaldsen, Pixabay, Rcardo Moura, Rojan Maharjan

Har du lyst å dansa, utan å måtte dra til Straume?

Øygarden kulturskule starter opp grupper på dans i Hjeltefjorden arena på Rong.

OYGARDEN.KOMMUNE.NO/KULTURSKULE

OYGARDEN.KOMMUNE.NO/KULTURSKULE

Undervisninga:

Vi starter opp med to grupper:

Gruppe for barn som går i 1-3 trinn (6-8 år):

Oppmøte tysdagar 1810-1910

Gruppe for barn som går i 4-6 trinn (9-11 år):

Oppmøte tysdagar og torsdagar kl 1630-1800

Den eldste gruppa har dermed 2 oppmøter i veka.
Oppstart august 2022 (ved skulestart).

Oppstart føreset at vi har nok påmeldte til å gjennomføra undervisninga.



Kvifor dans?

Dans er rørsle, og noko som ligg naturleg for oss mennesker.

Hos barn er dans ein naturleg uttrykksmåte.

Vi ønsker at denne evna til rørsle skal bli stimulert vidare i oppveksten.

Å oppleve, utøve og skape dans vil kunne gje eit positivt bidrag til eleven si fysiske, emosjonelle, sosiale og intellektuelle utvikling.

Sentralt er å utforske rørsler, tyngdepunkt, balanse og styrke i kroppen.



Dans i kulturskulen er i høg grad knytt til kroppen: kroppsbruk, kroppslig medvit, kroppslig minne, rytmikk, fysisk handtering av instrument, bruk av heile kroppsapparatet.

Dans kan stimulere til kreativitet, utfolding og mestring og bidra til ei positiv haldning til eigen kropp og til danning og identitetsutvikling.

Innhald

Elevane skal bli kjent med prinsipp for jazzdans og moderne dans, og med element av andre danseteknikkar som er felles for begge stilane. Dei skal utvikle kropps- og plassforståing, lære om grunnleggande metodar for å uttrykke seg med bevegelse og søke å auke sine kreative evner. Dei skal bli kjent med ulike trinn og med danseterminologi. Vi skal jobbe både med koreograferte og improviserte stykker. Å opptre for eit publikum er ein sentral del av opplæringa på dans i kulturskulen.



For å søka om elevplass:

Gå til heimesida vår www.oygarden.kommune.no

Velg «søk her»

Velg «dans»